

KYRKJEBBLAD

58. årg.

FOR VAKSDÅL PRESTEGJELD

Nr. 3/2004

"Et godt budskap"



"Eg lyfter mine augo til fjella"

Salmane 121

Kyrkjelydstur til
Bukkestein og Veo




Kalendar for
kristent arbeid
blant born og unge



Litt om TV-aksjonen
søndag 17. okt.



Nytt frå kyrkjeverja.



VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3
5721 Dalekvam
Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29
e-post: kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,
onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse,
Tlf. kontor 56 59 39 21
Mobiltlf. 95 97 99 05
e-post:
kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe
Tlf. kontor 56 59 39 20 ,
e-post:
soknepresten@vaksdal.kyrkja.no
Tlf. privat 56 59 73 15
Mobiltlf 90 19 65 14
e-post: frode.kvamsoe@c2i.net

Kapellan Edvard Bø
Tlf. kontor 56 59 70 88
Mobiltlf. 90 84 06 24
Fax 85 02 45 70
e-post: kapellanen@vaksdal.kyrkja.no
Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og
Tone Synnøve Øygard Steinkopf
Tlf.kontor: 56 59 39 20
Tlf. privat: 56 59 56 25
e-post: steinkopf@c2i.net

Organist i Eksingedalen og Eidsland
Aasbjørn Nese
Tlf. privat: 56 59 59 26

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.
Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret
innan 25.november

Neste nummer kjem ut i midten av desember.

**Gule lauv,
visna kyrkjelydar ?**

Det er vel lett å sjå for seg krinslaupet i naturen, med bløming om våren, og lauvfall om hausten.

Ikkje heilt ulikt våre kyrkjelydar, som treng næring for å kunne leve. Næringa vert tilført gjennom engasjement i det kristne arbeidet.

Mange vert til tider nær jaga på flukt av ymse gode føremål, som ber om tid, pengar og engasjement. Basarar og loddsal, skuleturar, hjartesak, kreftsak, fotballtrening og møter kan trøtte ut mange trugne hjelparar. Ofte er det vanskeleg å seie nei, det er ikkje mange kronene, timane, kilometrane det vert spurt om.

Kyrkja verkar i fyrste omgang mykje godt sjølvgåande, i samanlikning med lagslivet i bygdene. Traust står ho, midt i bygda, alltid til stades for gudstenester, dåp, konfirmasjonar, bryllaup, gravferder. Slik ynskjer me å ha det. Men utan næring visnar lauvet, og utan engasjement visnar kyrkjelyden.

Rekkverket til Dale kyrkje er på plass!

Ei anonym gavé førte til at Dale Blikk og Mek. for nokre dagar sidan kunne montere rekkverk på både sider av nedste kyrkjetrappa. Me takkar gjevaren, og ynskjer kyrkjelyden til lukke med gåva!

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avg.fritt.
Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.
Adressa finn de nedanfor.

Kasserar:
Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam
Eksp. Og trykk:
Øystese Trykkeri A/S, Boks 34
5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.
Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,
Pb. 113, 5721 Dalekvam.

ET GODT BUDSKAP

Av Oskar Olsen

Jakobs brev 1,18

All god gave og all fullkommen gave kommer ovenfra, fra lysenes Far. Hos han er det ingen forandring eller veksling mellom lys og mørke. Av sin frie vilje har han født oss ved sannhets ord, for at vi skal være en første frukt blant dem han har skapt.

Judas brev, v.20

Men dere, mine kjære, må bygge dere selv opp på deres høyhellige tro og stadig be i Den Hellige Ånd. Hold dere i Guds kjærighet, mens dere venter på vår Herre Jesu Kristi miskunn, som gir dere evig liv.

Hebreerne, 11,1-2

Tro er sikkerhet for det som håpes, vissheit om ting en ikke ser. For sin tro fikk mennesker i gammel tid godt vitnesbyrd. I tro forstår vi at verden er skapt ved Guds ord, og at det vi ser, har sitt opphav i det usynlige.

”Vi synger titt om seierens lønn der hjemme,
om å få stjerner i vår krone der,
men la oss aldri noensinne glemme:
de stjerner tente vi, mens vi var her.”

Stjernene skal slokne, rikene forgå.
Men vårt hjem i himlen evig skal bestå.

Takk, min Gud, for alt som hender
Takk for alt slik du det gjer!

6.vers fra sangen: ”Å, eg veit meg eit land”
I min heim var eg säl av di Gud var attved.
Og eg kjende så vel kor det anda av fred
når til kyrkje med før,
når me heime heldt kor, og med moder eg bad.
Å, eg minnest så vel denne stad.

Hvis jeg bare kunne få det til å tro, sier de, skulle jeg ikke tvile på at Guds nåde og frelse er for meg. Men hvordan kan jeg vite at det er for meg, når jeg ikke er i stand til å tro det? For det første er det ikke troen i og for seg selv som frelser oss. Spørsmålene er ikke om vi tror eller at vi tror. Nei, spørsmålet er: Hvem tror jeg på, og hva tror jeg på? Hva er det jeg setter min lit til? Hvem er det jeg tar min tilflukt til?

Velg Jesus, du som står i livets lyse morgen! Gi han ditt hjerte nå. Han er en trofast venn i gleden som i sorgen, og leder deg så sikkert gjennom verdens larm. Han er uforandret i går, i dag og for evig . Vi kan svikte, Jesus aldri!

Romerne 10, v. 17 og 8.

Så kommer da troen av det budskapet en hører, og budskapet kommer av Kristi ord. Ordet er deg nær, i din munn og i ditt hjerte.

NYTT KONFIRMANTKULL 2004-2005



Omlag 50 niande-klassingar har meldt seg til konfirmantundervisning i haust. Desse har nyleg vore samla på leir på Fagertun i Eksingedalen. Stanghelle- og Dalekonfirmantane på ein leir, og konfirmantane frå Vaksdal og Stamnes på den andre. Dei har hatt undervisning, sosialt samvær og ute-aktivitetar, og dei har førebudd og deltatt på gudstenester i Eidsland kapell og Eksingedalen kyrkje.

På biletet ser vi Julia Hanevik (t.v.) og Amanda Berge, og bakerst Nina Hisdal.

KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 26.09.1954



Biletet er utlånt frå Marta Olaug Rønhovde Holsen

1.rad f.v.: Karin Johanne Grøttå, Marta Olaug Rønhovde (Holsen), Margunn Langhelle (Jøssang), Reidun Stanghelle (Petersen), Bodil Anny Myklebust (Jordalen).

2.rad f.v.: Pastor Nikolai Lien, Arne Petersen, Gerd Karin Røe, Kari Elisabeth Hellestræ (Flatekval), Ingrid Hesjedal (Skogstad), Astrid Irene Hesjedal, Oddveig Asbjør Birkeland (Djukastein), Reidun Nora Kvamme (Visnes), Turid Utskott (Seim), Olaug Cecilie Stavland, Oddveig Dankertsen (Kaland), Karin Margrethe Fornes, Steinar Hestad.

3.rad f.v.: Jan Bjørn Kvamme, Jan Gudmund Kvamme, Øystein Tysse, Johannes Hårvik, Agnar Sellevold, Werner Brekke, Karsten Vedå, Oddvar Dankertsen, John Hjalmar Dale, Arne Vaksdal, Asbjørn Berge, Roy Fjellanger, John Ulveseth, Tormod Lie.

KONFIRMANTJUBILEUM

Hausten er tid for konfirmantjubileum.
Hjå oss vert 50-års konfirmantane på Vaksdal invitert til gudsteneste og fest 3.oktober.
På Dale samlast 50- og 60-års -

konfirmantane 10. oktober, og på Stamnes er konfirmantane frå i vår invitert saman med 50-års konfirmantane den 23.oktober.
Det er sokneråda som inviterer til samlingane.

TUR TIL BUKKESTEIN OG VEDÅ

Dei var ikkje skremde av veret dei 21 som gjekk ombord i "Vedafjord" på kaien på Stamnes søndag 12.september. Det var Stamnes sokneråd som inviterte til båttur i Vedafjorden med Trygve Kallestad og Ola Kvamme som turleiar og skysskar. - "Me la til kai på Bukkestein der Norvald Bukkestein tok imot og ynskte oss velkommen," fortel Laila Jakobsen på telefon til kyrkjekontoret. "Han viste oss opp i det gamle skulehuset som var i bruk fram til ca.1952. No er det grendalaget som held det i stand. Det vart delt ut songark, og me song songar. Marit Sandal, leiari i Stamnes sokneråd, heldt andakt over teksta for dagen, som var frå Lukas 10.kapittel om Marta og Maria som tok i mot Jesus i heimen.

Veret var skiftande med litt solglytt og nokre byger med styrregn, men alle var godt kledd og skodd for å vera ute. Trygve Kallestad tok over som turleiar på vegen mot Vedå. Underveis såg me innom nokre gamle løer som me hadde fått lov å gå inn i. Der kunne me sjå gamle bygnings-

materialar som var brukt i den gamle stavkyrkja som stod på Stamnes.

På turen til Vedå, som var omlag 1 ½ - 2km, såg me på gamle kvernhus, fint kulturlandskap og historiske minne. På Vedå gjekk me ut til 3 små naust som er oppattbygd slik dei ein gong var, med grindbygging. Medan me hadde gått denne turen, hadde Olav Kvamme tatt sjøvegen frå Bukkestein. Han låg no og venta med båten og sekkane våre med nistemat. Me sette oss inn i eit av nausta og nytte maten medan regnet flomma ned.

Det var ein triveleg tur der me fekk høyra mykje interessant," seier Laila. Ho nemner at bygdeboka for Stamnes og Ålmenn bygdesoge fortel at "Veo er truleg den eldste garden i fjorden. - Det gamalnorske ordet vé tyder heilagdom, heilag stad. Veo kan ha vore ein heilag stad der folk har samlast til gudedyrking og ofring. Veo må ha vore ein lagleg møtestad for gardane i Dalevågen, Bolstadfjorden og Eidsfjorden..... Bukkestein var kalvehagen åt Veo i gamal tid, seier segna."



VEO

Foto: Sigmund Simmenes

Nytt frå kyrkjeverja

Usikra gravsteinar vert lagt ned av kyrkjegardsbetjeninga

Heile året vert det arbeidd med sikring av gravsteinar. Nokre stader har me ikkje kunna finne festaren til graver der gravsteinen er laus. Difor legg me ut små gule lappar med informasjon til dei pårørande om kvifor gravsteinen er lagt ned.

Dersom det vert teke kontakt med kyrkjekontoret, kan me syte for at gravsteinen vert sett opp att, og sikra med boltar. For tida tek me kr 300,- for bolting, og timepris kr 200,- for anna arbeid, som til dømes oppretting av steinen, reingjering, eller flytting.

Me tek ikkje på oss fornøyning av skrift.

**Denne gravsteinen er lagt ned av
kyrkjegardsbetjeninga grunna
manglende sikring / boltar,
eller av di den stod i fare for å velte.**

**Ta kontakt med kyrkjekontoret
tlf 56 59 39 20
for informasjon!**

Har du funne ein lapp med denne teksten ved den nedlagte gravsteinen?

Ta i så fall kontakt med kyrkjekontoret.

Ny vedlikehaldsarbeidar for kyrkjer og kyrkjegardar.

Ulf Schønning er tilsett som vedlikehaldsarbeidar etter Knut Gunnar Stennes, som slutta i sommar. I stillinga har Ulf ansvar for vedlikehaldet av alle kyrkjene i Vaksdal, samt ein del viktige oppgåver på kyrkjegardane.

Ulf har eit eige reinhalds- og vaktmeisterfirma, og har faste oppgåver for fleire større verksemder. Han har frå starten av sitt yrkesaktive liv hatt svært variert praksis. Som tilsett i eit større byggjefirma nordpå måtte han utføre mange typar arbeid. Etter det vi veit har Ulf arbeidd som kranførar, skjærebrennar, tømrar, målar, blikkenslagar og byggjeleiar. Denne bakgrunnen har vist seg å vere nyttig for oss, for han har kunnskapar innafor dei fleste av fagfeltna som me har bruk for når kyrkjene og kyrkjegardane skal vedlikehaldast.



Ulf Schønning

Utsending av festeavgifter

Det vert i desse dagar sendt ut festeavgifter for graver som har hatt forfall, eller som nyleg er festa. Mange kjenner ikkje til ordninga med festeavgifter, så det vil verte lagt ved informasjon som etter vona vil gje svar på dei fleste spørsmåla som kan kome.

Om du får ei festerekning, og meiner at rekninga inneholder feil opplysningar, er det viktig at du tek kontakt med kyrkjekontoret.

**Telefonnummeret til kyrkjekontoret er
56 59 39 20.**

Brannberedskap og sløkkjeutstyr i Stamnes.


I september sende kyrkjeverja brev til kommunen med oppmoding om å få plassert ut brannslangar og utstyr lett tilgjengeleg på Stamnes. Utdrag frå brevet vert attgjeve her:



"I sentrum av Stamnes ligg Stamnes kyrkje, bedehus, barnehage, forretningslokale og private hus innafor eit relativt avgrensma område. Etter som det lokale brannvernet på Stamnes ikkje lenger er operativt, bør det etter mi meinung etablerast

ein stad for oppbevaring av sløkkjeutstyr. Dette må kunne nyttast av dei som måtte kome til staden, som ei første hjelpe dersom det brenn. Det er ein brannhydrant sentralt plassert i krysset ved barnehagen / kyrkja / eldrebustadane. Utstyr som til dømes brannslangar med forgreiningar, dyser, og hydrantnøkkelen kan oppbevarast til dømes i eige frittståande skap, eller ved reiskapshuset på kyrkjegarden. Reiskapshuset ligg berre få meter frå hydranten. Ved brann vil utstyret dermed vere lett tilgjengeleg, og kunne brukast til brannsløkking på relativt kort tid."

Målet med tiltaket er å auke brannberedskapen i Stamnes sentrum, for å kunne redde liv og verdiar frå å gå tapt. Eg vonar at Vaksdal kommune, saman med lokale lag og organisasjonar i Stamnes, kan gå saman om dette enkle tiltaket" står det i brevet. Brevet har ført til positive tilbakemeldingar frå innbyggjarane på Stamnes, og det er von om at tiltaket kan setjast i verk innan kort tid.



Piper til pynt!

På nest siste side i kyrkjebladet finn du ei lita annonse der det vert lyst ut orgelpiper til sal. Pipene skriv seg frå det gamle orgelet i Vaksdal kyrkje, og har lenge vore lagra i tårnet. Eidslendingane sine gode idear og evner til å setje slike i verk har ført til at pipene no er til sals, til

inntekt for ei ny stemme til orgelet i Eidsland kyrkje. Dei største pipene kan høva til bedrifter eller dei meir pengesterke, medan dei minste pipene har ein storleik som gjer at dei kan hengje til pynt kvar som helst.

Arnold Norheim har laga ulike vegghaldarar til pipene, slik at ein har fleire å velje mellom. Og du treng ikkje vere redd for å kjøpe likt med naboen, for pipene har kvar sin storleik og tone....

Julegåve for dei som ynskjer å gje pipa ein annan ljod?

KRISTENT ARBEID BLANT BORN OG

VAKSDAL

Kva	Kvar	Aldersgruppe	Tid	Kontaktperson
Barnelag	Bedehus-kjellaren	3 år og oppover	Anna kvar torsdag kl. 17-18	Martha Bjørsvik, tlf. 56 59 70 77
KUL (Vaksdal Kristelege UngdomsLag)	Bedehus-kjellaren	8. klasse og oppover	Fredag fra kl. 20	Erik B. Karlsen tlf. 95 15 16 73
Kilden	Kyrkja	14 år er nedre aldersgrense	Fredag kl. 18-19.30	Marit M. Alvheim, tlf. 56 59 70 96

STANGHELLE

Sundagsskule	Bedehuset	4 til 10 år	Sundagar kl. 11-12	Arne Verpelstad, tlf. 56 59 50 57
Barnelag	Bedehuset	3 til 10 år	Anna kvar onsdag kl. 17-18	Anne S. Hol, tlf. 56 59 52 55
VING	Bedehuset	5. til 7. klasse	Anna kvar mandag kl. 18-19.30	Åshild Rene, tlf. 99 16 57 14

DALE

Sundagsskule	Bedehuset	4 år og oppover	Sundagar kl. 10-11	Liv S. Sellevold, tlf. 56 59 61 72
Barnelag	Bedehuset	3 år og oppover	Anna kvar torsdag kl. 17-18	Marit M. Alvheim, tlf. 56 59 70 96

BERGSDALEN

Sundagsskule	Kyrkja	0 år og oppover	Anna kvar sundag fra okt. til april	Per Småbrekke, tlf. 56 59 89 68
---------------------	--------	-----------------	-------------------------------------	---------------------------------

UNGE I VAKSDAL PRESTEGJELD 04-05

STAMNES


Kva	Kvar	Aldersgruppe	Tid	Kontaktperson
Sundagsskule	Ikkje Bestemt	0 år og oppover	Sundagar	Torunn Vassenden, tlf 56 59 81 81
Barnekor	Bedehuset	4 år og oppover	Onsdagar til ut februar kl. 17-18	Liv S. Stamnes, tlf. 56 59 82 62
VING	Bedehuset	5. til 7. klasse	Fredagar (sjå oppslag)	Gerd Gammersvik, tlf. 56 59 82 10

EKSINGEDEALEN

Sundagsskule	Ei av kyrkjene	0 år og oppover	Sundagar kl. 11-12.30	Anne S. Nesheim, tlf. 56 59 59 44
Jenteforeining	Hjå Inger Lavik	6 til 16 år	Fredagar kl. 14.30-18	Inger Lavik, tlf. 56 59 58 19
Leir	Fagertun	6 år og oppover	I feriar og helger	Norges Samemisjon, tlf. 55 31 65 06



Stamnes barnekor hausten 2001. Er det nokon som kjenner seg att?



Fellesrådet strevar med underskot

Samla underskot ved inngangen av 2004 var kr 336 445,-

Årsmeldinga for 2003 frå kyrkjeleg fellesråd viser at rekneskapen vart avslutta med eit underskot på kr 60 015,-. I 2002 var talet kr 276 430,- etter ei relativt kraftig nedskjering på løyvingane frå kommunen. Til saman vert dette kr 336 445,- som no vert lagt til fellesrådet sitt budsjettframlegg for 2005.

Reinhaldarane i seks av kyrkjene våre vart i 2003 overførte til kommunen, og får løn frå kommunen. I år får fellesrådet refundert størstedelen av meirverdiavgifta på kjøp av tenester og materiell, og dette vil venteleg gje ei betring i økonomien. Tilbakebetalinga av MVA dette året vil verte på om lag kr 100 000,-, og denne summen er alt lagt inn i det reviderte budsjettet for 2004. Ordninga krev at det vert sendt refusjonskrav til fylkesskattesjefen kvar andre månad.

Informasjon til festarar og pårørande ved dødsfall

Vaksdal ynskjer å følgje Kvam sitt eksempel når det gjeld informasjon til pårørande ved dødsfall. I Kvam sender kyrkjekontoret ut informasjon om lovar og forskrifter for kyrkjegardane, samt rekning for festa av grav, til dei pårørande om lag to veker etter gravferda. Det er naturleg at

mange ikkje kjenner til kva ordningar som finst. Når ein mister ein av sine nærmeste har ein ofte nok med å ta vare på seg sjølv, og å syte for gravferda. Difor vil me sende ut litt informasjon når det har gått nokre dagar etter gravferda, i von om at opplysningane kan kome til nytte.

Vassmålarar til kyrkjene.

Det vert montert vassmålar i dei kyrkjene som er knytt til kommunalt anlegg.

Dei kommunale avgiftene for vatn som no er innførte, har ført til auke i utgiftene for kyrkjene. Avgiftene er utrekna etter kor mange kvadratmeter bygget er, og vil for til dømes Dale kyrkje tilsvare eit vassforbruk på 1961 liter pr døgn, eller 81 liter pr time. Det vert rekna tilsvarande mengd for avlaupsvatnet.



Prisen er i dag kr 7,25 pr 1000 liter vatn, og kr 3,75 pr 1000 liter avlaup. I tillegg kjem fastavgift på kr 2360,- pr år.

Ut frå vårt kjennskap til vassforbruket i kyrkja (dåp, reinhald, kyrkjekaffi, toalettbesøk, oppvask) har me kome fram til at det er pengar å spare.....

Nok innsparing til å dekkje utgiftene med installasjon av vassmålarar.

Døme:

Dersom det vert målt eit forbruk på 100 liter pr månad i Dale kyrkje, vil den årlege kostnaden kome på kr 2660,- i faste avgifter og målarleige, + kr 26,40 i forbruk vatn/avlaup.

I dag betalar me kr 10 236,-

Vaksdal, Dale, Stamnes og Eidsland kyrkjer har kommunalt vatn. I Vaksdal kyrkje må det installerast to målarar, av di det er eitt uttak i konfirmantrommet, og eitt i våpenhuset. Dei andre får ein målar kvar.

Røyrleggjarane i kommunen skal levere tilbod på installasjon av vassmålarar innan 18. oktober, og arbeidet er meint å verte ferdig til i utgangen av november.

Dugnadsarbeidet i Bergsdalen held fram.

Flott innsats, godt resultat!



Den ombygde kyrkjetrappa i Bergsdalen

Den ombygde kyrkjetrappa er ferdig, og resultatet er svært bra. No manglar berre rullestolrampen på oppsida. Det er lagt ned drenslidning langs vegen ned til kyrkja, og utlaupsleidning for takvatnet. For tida vert det arbeidd med utviding av vegen ned til kyrkja. Fellesrådet har avtale om grenseregulering av

ein mindre parsell tilhøyrande Helge Terje Fosse, slik at det kan lagast plass for parkering langs nordsida av vegen. Ragna Lid, som no får grense mot vegen, har gjeve løyve til å lagre snø på bakken like ved. Arbeidet går jamt framover, og det meste er truleg ferdig før vinteren set inn.

Soknerådssamlinga hausten 2004: Ny tenesteordning for prestane.

Soknerådssamlinga 18. november tek mellom anna for seg den nye tenesteordninga for prestane som skal vere innført innan 01.07.2005. Prost Knut Knudsen har sendt brev til alle sokneråda i prostiet med informasjon. I Vaksdal prestegjeld vert det møte for alle medlemmane i sokneråda torsdag den 18. november.

Eit av hovudpunktata i den nye tenesteordninga er endring av tenestedistrikt frå prestegjeld til prosti. Hardanger og Voss prosti strekkjer seg frå Røldal til Vaksdal, og prosten ser for seg ei inndeling i fleire tenestedistrikta innafor prostiet. Nye prestestillingar hjå oss vil utan denne inndelinga få heile prostiet som tenestedistrikt.

Tett avlaup på Nesheim

Avlaupsleidningen til Nesheim kyrkje må skiftast.

Denne veka vert delar av avlaupsleidningen frå kyrkja skifta ut. Setningar i grunnen like utanfor kjellarmuren har gjort at røylene har vorte skadde, og det var ikkje anna råd enn å grave opp. Til all lukke treng ein ikkje rive kyrkjegardsmuren for å kome til. Maskinarbeidet vert utført av Rune Nesheim,

og vår vedlikehaldsarbeidar Ulf Schønning. Dersom me rekk å få det til, vert det grave opp rundt sakristiet for å leggje ny drenering, og for å hente inn takvatnet frå nedlaupa der. Dette må gjerast med hjelp frå teknisk stasjon. Kostnadene for heile arbeidet vil truleg runde kr 30 000,- i maskinleige og materialar.

TV-AKSJONEN 2004

Hjerterom

Søndag 17.oktober



I år er går pengene til Kirkens Bymisjon og Det for psykisk helse. Dette er arbeid blant de trengende i blant oss. Det er viktig for kirken å avdekke og lindre alle typer psykisk og sosial nød.

HJERTEROM kalles årets aksjon. Den har et ambisiøst mål om å skape et rausere og varmere samfunn og vil satse like sterkt på å forandre holdninger som å samle inn penger.

-Ingen er bare det du ser! lyder et av aksjonens slagord. Det kaller oss til å se mer enn det ytre og ikke dømme etter førsteinntrykket når vi møtes som mennesker. En kvinne som selger kroppen sin, er slett ikke bare en prostituet, og en person som sliter med en psykisk lidelse, er langt mer enn den schiøfrene."


Frå Dale kyrkjegard:

Månposten fraus sund for nokre år sidan, og har sidan stått utan vatn. I staden for å mure den oppatt, vil den verte erstatta av ein ny, enklare type. Det same skal seinare gjerast med den andre vanpposten. Det er diverre uvisst kva tid fellesrådet får råd til å montere nytt utstyr.

Den eine av dei to murte vanppostane på Dale kyrkjegard vert fjerna av John Boge i kommunen sin minigravar.

Nye, frostfrie vanppostar finst i mange variantar. Det er ynskjeleg med ei viss standardisering av desse for å forenkla vedlikehaldet. Nokre er utførte i støypegods, andre er produserte i stein. Desse eksempla skulle høve på både gamle og nye kyrkjegardar.

Kanhende lesarane ynskjer å gje tilbakemelding til kyrkjeverja på kva type ein tykkjer høver best på Dale?



Vaksdal kyrkjelege fellesråd søker etter Kyrkjegardsarbeidar på Flatekval



Stillingsstørleik om lag 3%
Stillingsomtale:

I stillinga ligg alt vedlikehald og slått på Flatekval kyrkjegard. Kyrkjegardsarbeidaren skal følgje opp vedlikehaldsplana for gravplassen i samarbeid med kyrkjeverja. Løn etter avtale.

Krav til søkjaren: Søkjaren må vere fylt 16 år. Det vert lagt vekt på at søkeren er positiv og hjelpsam i møtet med våre brukarar.

Ta kontakt med kyrkjeverje Svein Tøsse på Tlf 56 59 39 21 for fleire opplysningar.

Søknad kan sendast til Kyrkjeverja i Vaksdal, Pb.113, 5721 Dalekvam, innan 01.11.2004

Pengar, pengar, pengar...

Kampen om kronene for 2005 er i gang.

Budsjettframlegg til kommunen inneholder ei auke på om lag 5% i høve til inneverande års reviderte budsjett. Saman med underskotet frå 2002 og 2003 vert det søkt om ei løving på om lag kr 3 600 000,- Dette er langt frå det som trengs for å ta att dei uløyste vedlikehaldsoppgåvene ved kyrkjene, og heller ikkje nok til å utvikle og drive eit barne- og ungdomsarbeid slik me ynskjer. Fellesrådet får kvart år eit tilskot frå staten.

Dette vart innført i 1997 for å styrke den lokale kyrkjelege administrasjonen og gje rom for dagleg leiar i heil stilling. Tilskotet er seinare endra til å skulle styrke aktivitetar ut over det som kommunen har ansvar for etter lova. Diverre har det vorte redusert dei seinare åra, og pengane har gått rett inn i fellesrådet sitt rekneskap for å halde hjula i gang. Tilskotet er ikkje pris- eller kostnadsjustert for 2005.

Forsikringspremien for kyrkjene

har dei siste åra kosta om lag 120 000,- pr år. Det ligg no føre eit tilbod frå Kristen-norges innkjøpsfellesskap KNIF om forsikring til kr 100 000,- for 2005. Dette er gjort mogleg av di KNIF i samarbeid med Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon har laga ein eigen database for kyrkjebygg. Databasen skal ha ein grunnmodul med register over dei ca. 1600 eksisterande kyrkjene i Norge, i tillegg til ca. 2100 kjende revne kyrkjer, totalt ca. 3700 objekt. Kyrkjeverjene i kvar kommune vil i tillegg til

kyrkjene kunne legge inn informasjon om andre bygg og eigedomar, som klokketårn og reiskapshus.

Andre modular som vert knytt til databasen er *Drifts- og vedlikehaldsmodul* med moglegheit for vedlikehaldsplanlegging, prosjektoppfølging og vedlikehaldshistorikk. Oversikt over leverandører, materialer, serviceavtaler og rutinar kan og leggjast inn. Og mange har sett fram til å ta i bruk *Interiør- og inventarlistemodulen* for kyrkjene.

Programvare for kyrkjebokføring og register vert rusta opp

Kyrkjegardsarkivet, kyrkjebokføringa og saksarkivet vert knytt saman over nyttår. Ny avtale, og utskifting av programvare, gjer at kyrkjekontoret sparer om lag kr 2000,- pr år. Med det nye programmet vil det verte mogleg

å gjøre føringar i fleire register samstundes. Direkte tilgang til folkeregisteret lettar og arbeidet monaleg. Me reknar med å spare både tid og pengar på den nye løysinga.

COOP Hordaland BA
marked
Avd. 405 Dale
5721 Dalekvam
Tlf.: 56 59 61 01



Me leverer alt innan elektrikar-
tenester, også varmepumper.
Telefon: 56597722

instyle
HÅR & SOLSTUDIO AS

Tlf. 56 59 65 00

OPNINGSTIDER FRISØR:
Måndag-fredag 10-22
Laurdag: 10-19
Søndag: 11-22
Instyle hår- og solstudio finn du vis-à-vis butikken på Stanghellie



- ein lokal medspelar



Harald Jordal
Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00

PENSJONSSPARING OG FORSIKRING

Ta kontakt med oss lokalt!

Sparebanken Vest

Ve vangen elektriske a/s
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENØR

Vi yter god og rask service innan fylgjande fagområder :

- Elektro sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Ingen jobb for stor og ingen for liten!

Kontakt vår mann i Vaksdal: Robert Lie, Tlf 907 25 800
Eller Hovedkontoret på Voss : Elvegata 4, 5700 Voss
Tlf. 56 52 95 00 Fax. 56 52 95 09

SPAR DALE

DALE MATSENTER

Pb. 163, 5701 Voss
tlf. 56 59 62 23
faks. 56 59 67 61

Dei smarte sparar tid & peng.



VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.
Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar

Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66
Einar Mjelde, tlf. 56 59 74 43 (priv.)

SLEKTERS GANG

DØYPT

VAKSDAL

23.05 Heidi Langeland Vaksdal
20.06 Iris Bella-Donna Solheim
08.08 Thea Frotveit
22.08 Nathalie Skage Grenasberg
19.09 Rebekka Helene Skaala Hartvedt
19.09 Fredrik Flåm Krogsrud
19.09 Vilde Litangen Jacobsen

DALE

15.08 Mari Zou Verpelstad
15.08 Marius Fotland Hagen
12.09 Elena Natalie Nymark
12.09 Maria Idianna Middleton

04.07 Mads Helle vart døypt i Gjerstad
kyrkje, Osterøy.

STAMNES

20.06 Brian Minde Jahren

25.07 Selma Brattabø

EIDSLAND

01.08 Silja Møster

VIGDE

DALE

31.07 Trude Veronica Johnsen og
Werner Hirth Fenne
28.08 Siri Håheim og
Anders Bakk
24.09 Grete Faugstad og
Mark Simon Bruce

AVLIDNE

DALE

08.07 Arnold Prestegård, f. 1913
14.07 Ella Hop, f. 1924
17.07 Ingebrigt Hesjedal, f. 1921
24.07 Bjarne Laastad, f. 1932
26.07 Arvid Langhelle, f. 1926
26.07 Anton Berge, f. 1918
11.08 Osvald Tveterås, f. 1922
03.09 Finn Seim, f. 1938
15.09 Inga Martinussen, f. 1921


VAKSDAL
11.07 Valborg Tørrisen, f. 1921

STAMNES
29.07 Kjell Vidar Kalvik, f. 1953
12.08 Frits Johannesen Skrede, f. 1930

**KONSERT
I DALE KYRKJE**
Søndag 14.nov. kl.18.00
DALE MANNSKOR

**KONSERT
I EIDLAND KAPELL**
Fredag 26.nov.kl.20.00
Kilden, elevar frå kulturskulen,
kantoran Steinkopf m.fl.
Kollekt til inntekt for ny sub-bass til
orgelet i Eidsland kapell.

ORGELPIPER TIL SALGS !



Her er tre forslag som Arnold Nordheim har laga, med orgelpiper frå det gamle orgelet på Vaksdal. Dei kan kjøpast til inntekt for ny sub-bass til det nye orgelet i Eidsland kapell. Interesserte kjøparar kan venga seg til Asbjørn Nese, tlf. 56 59 59 26 eller Frank Møster, tlf. 91 30 18 15

VELKOMMEN TIL KYRKJE

VAKSDAL KYRKJE

- 17.okt.kl.18.00** Tomasmesse. Bø.
Nattverd. Offer til TV-aksjonen.
- 31.okt.kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
- 14.nov. kl.11.00** Familiegudsteneste. Bø.
Utdeling av Barnas kyrkjebok til 4-åringar.
Offer til KFUK/KFUM i Bjørgvin.
- 28.nov. kl.19.00** Lysmesse. Bø og
konfirmantane. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
- 12.des. kl.11.00** Høgmesse. Bø Nattverd.
Offer til Normisjon.
- 19.des. kl.18.00** Vi syng jula inn.

DALE KYRKJE

- 10.okt. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
50- og 60- års konfirmantar.
- 24.okt. kl.17.00** Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Utdeling av Barnas Kyrkjebok
til 4-åringar. Offer til IKO – Institutt for
Kristen Oppseding.
- 7.nov. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til Strømmestiftelsen.
- 21.nov.kl.18.00** Tomasmesse. Bø.
Nattverd. Offer til Norges Kristlige
Student- og Skoleungd.lag, Bergen krets.

Laurdag 27.nov. kl.16.00 Lysmesse.
Kvamsøe og konfirmantane. Offer til
Fagertun leirstad.

5.des. Sjå Stanghelle!

12.des. kl.18.00 Adventskonsert.

STANGHELLE BEDEHUS

5.des. kl.11.00 Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Offer til Tibetmisjonen.

BERGSDALEN KYRKJE

- 31.okt. kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd.
Offer til Norsk Misjon i Øst.
- 5.des. kl.16.00** Lysmesse. Kvamsøe. Offer
til Redd Barna. Utdeling av Barnas
kyrkjebok til 4-åringar.

STAMNES KYRKJE

- 24.okt. kl.11.00** Familiegudsteneste. Bø. Offer
til Norges Kristelige Student- og
skoleungdomslag. Utdeling av Barnas
kyrkjebok til 4-åringar.
- 14.nov. kl.20.00** Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til Kirkens SOS.
- 28.nov. kl.11.00** Lysmesse. Bø og
konfirmantane. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
- Laurdag 11.des. kl.16.00** Adventskonsert.

EIDLSDALEN KAPELL

- 14.nov. kl.17.00** Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til Kirkens SOS.
- 5.des. kl.11.00** Familiegudsteneste. Bø.
Konfirmantpresentasjon. Offer til kyrke-
lydsarbeidet. Barnas kyrkjebok til 4-åringar.

EKSINGEDELEN KYRKJE

- 14.nov. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
- 5.des. kl.16.00** Lysmesse. Bø og
konfirmantane. Konfirmantpresentasjon.
Utdeling av bøker til 4-åringar og 6-åringar.
Offer til kyrkjemusikalsk arbeid.

NESHEIM KYRKJE

- 17.okt. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd. Offer til Darfur-prosjektet.
- 12.des. kl.11.00** Vi syng jula inn. Kvamsøe.
Offer til kyrkjemusikalsk arbeid.

VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i lokal-
avisene og på plakatar for å
kontrollera m.a. klokkeslett for
gudstenestene.

God bjørkeved til salgs

30 cm i 60 l sekkskr. 55,- (hentepris)
Kaminved i 40 l sekkskr. 40,- (15-20 cm)
Har og litt granved, og olderved, rimeleg.
Kan også levera tilkøyrt, ev. innlagt i hus.

Tlf. 56 59 58 11

Aage Lavik

5729 Eidslandet